



MØTEPROTOKOLL

Utval: Formannskapet
Møtedato: 20.10.2016
Møtetid: 15.00 - 17.40
Møtestad: Kommunehuset

Av 9 medlemmer møtte 9, inkludert varamedlemmer.

| | |
|-------------------------------------|------------------------|
| Desse medlemene møtte ikkje: | I staden møtte: |
| Nils Aadland (Ap) | Harald Boge (Ap) |

| |
|---|
| Andre som var til stades på møtet: |
| Rådmann Ramsli og ass.rådmann Våge under heile møtet. Kultursjef Lund under sak 48/16 |

| | |
|----------------------|--------------------------------|
| Møteleiar: | Knut Harald Frøland (ordførar) |
| Møtesekretær: | Hilde-Lill Våge |

| |
|---|
| Merknader: |
| Knut Harald Frøland (Bl) var utgild i sak 53/16 |

| | |
|-----------------------------------|---|
| Orienteringar/meldingar: | Det var ikkje merknader til utsendte notat. |
| Utvalet sitt kvarter: | Ingen innspel eller orienteringar. |
| Dokument utlevert i møtet: | Ingen |

Underskrift frå utvalsleiar og møtesekretær:

Tysse, 15.11.2016

Underskrift utvalsleiar

Underskrift møtesekretær

Desse sakene vart handsama:

SAKLISTE

| Saker til handsaming på møtet | | | |
|-------------------------------|----------|---|-------------------|
| Sak nr. | Arkivsak | Sakstittel | Merknad |
| 047/16 | 16/890 | Faste saker | |
| 048/16 | 15/24 | Hagabotnane idrettsanlegg - Val av dekke i halvsirkel og finansiering | |
| 049/16 | 13/726 | Søknad om tilskot til ny veg og parkeringsplass ved Totræna vinterpark | |
| 050/16 | 16/741 | Rammeplan kulturskule | |
| 051/16 | 15/860 | Kommunale avgifter og gebyr 2017 | |
| 052/16 | 15/860 | Kommunale avgifter og gebyr 2017 - bygge- og delingssaker, plansaker, saker etter matrikkellova | |
| 053/16 | 10/336 | Husleige kommunale bygg 2017 | |
| 054/16 | 11/95 | Kommunalt tilskot til private barnehagar 2017 | |
| 055/16 | 11/375 | Høyring Ringveg aust /E39 nord i Åsane. Uttale frå Samnanger kommune | |
| 056/16 | 16/855 | KVU Rv. 7 og rv. 52 mellom Gol og Voss. Uttale frå Samnanger kommune | |
| 057/16 | 09/536 | Vidareføring av tenestene i Business Region Bergen - intensjonsavtale med Hordaland fylkeskommune | |
| 058/16 | 16/887 | Tilskot frå næringsfondet til oppstart av frisørverksemd | U Ikkje offentleg |
| 059/16 | 16/724 | Byggesak GBNR 1/1, søknad om fritak for gebyr for Bruksendring | |

SAKNR. 047/16
FASTE SAKER

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

- Møteinnkallinga og saklista vert godkjent
 - Delegerte vedtak/referatsaker vert tekne til orientering
-

20.10.2016 FORMANNSKAPET

Handsaming i møtet: Samrøystes vedteke. Ingen innspel eller orienteringar under utvalet sitt kvarter.

FORM-047/16 VEDTAK:

- Møteinnkallinga og saklista vert godkjent
- Delegerte vedtak/referatsaker vert tekne til orientering.

SAKNR. 048/16

HAGABOTNANE IDRETTSANLEGG - VAL AV DEKKE I HALVSIRKEL OG FINANISERING

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Det vert lagt drensasfalt med eit tynt kunststoffdekke i halvsirkelen for å letta vedlikehaldsarbeidet og det vil og gjera at anlegget framstår som meir heilskapleg. Med dette dekke vil ein kunne tilby ein stad til uorganisert aktivitet som tennis og ulike ballaktivitetar.

Kostnaden vert finansiert av restmidlar i prosjektet og ved å omdisponera midlar sett av til ungdomsaktivitet i Sima-Samnanger-fondet.

20.10.2016 FORMANNSKAPET

Handsaming i møtet:

Utvalet drøfta rådmannen sitt framlegg og ønska å erstatte densasfalt med kunststoffdekke med kunstgrasdekke. Finansiering av meirkostnaden vart drøfta og Monica Tjønna (Sp) sette fram følgjande tilleggsframlegg:

«Meirkostnaden samanlikna med drensasfalt med å få fullverdig kunstgrasdekke i eine halvsirkelen, vert finansiert som gåve frå Samnanger Idrettslag - Fotballgruppa, med makspris på kr. 100.000.»

Det vart røysta over tilleggsframlegget, som vart samrøystes vedteke.

Formannskapet vedtek å nytta hasteparagrafen til å finansiera kunstgrasdekket inntil kr. 352.158,-, jf Kommuneleva §13.

Melding om vedtak gjort i medhold av denne paragraf skal verte lagt føre kommunestyret i neste møte.

Eit samrøysta formannskap slutta seg til å bruke hasteparagrafen.

FORM-048/16 VEDTAK:

1. Det vert lagt kunstgrasdekke i den eine halvsirkelen. Kostnaden vert finansiert av restmidlar i prosjektet og ved å omdisponera midlar sett av til ungdomsaktivitet i Sima-Samnanger-fondet. Til saman kr. 352.158.
2. Meirkostnaden samanlikna med drengasfalt for å få fullverdig kunstgrasdekke i eine halvsirkelen, vert finansiert som gåve frå Samnanger idrettslag - Fotballgruppa, med makspris på kr. 100.000.

Formannskapet vedtek å nytta hasteparagrafen, jf Kommuneleova §13.

Melding om vedtak gjort i medhold av denne paragraf skal verte lagt føre kommunestyret i neste møte.

SAKNR. 049/16**SØKNAD OM TILSKOT TIL NY VEG OG PARKERINGSPLASS VED TOTRÆNA VINTERPARK****Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Samnanger kommune aukar tilskotet til ny veg og parkering i Totræna vinterpark med kr 145 000. Midlane vert omdisponert frå midlar øyremerka til motocrossbane i Sima-Samnanger-fondet.

20.10.2016 FORMANNSKAPET

Handsaming i møtet: Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

FORM-049/16 VEDTAK:

Samnanger kommune aukar tilskotet til ny veg og parkering i Totræna vinterpark med kr 145 000. Midlane vert omdisponert frå midlar øyremerka til motocrossbane i Sima-Samnanger-fondet.

SAKNR. 050/16**RAMMEPLAN KULTURSKULE****Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Rammeplan for Samnanger kulturskule vert godkjend slik han ligg føre, datert 20.10.16.

20.10.2016 FORMANNSKAPET

Handsaming i møtet: Rådmanen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

FORM-050/16 VEDTAK:

Rammeplan for Samnanger kulturskule vert godkjend slik han ligg føre, datert 20.10.16.

SAKNR. 051/16
KOMMUNALE AVGIFTER OG GEBYR 2017

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Kommunale avgifter og gebyr for 2016 med unntak av gebyr som gjeld vatn, avlaup, slamavskiljar og SFO vert fastsett i samsvar med vedlagte oversikt. Satsar knytt til praktisk bistand i heimen vert regulert i samsvar med staten sine maksimumssatsar.

20.10.2016 FORMANNSKAPET

Handsaming i møtet: Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

FORM-051/16 VEDTAK:

Kommunale avgifter og gebyr for 2016, med unntak av gebyr som gjeld vatn, avlaup, slamavskiljar og SFO, vert fastsett i samsvar med vedlagte oversikt. Satsar knytt til praktisk bistand i heimen vert regulert i samsvar med staten sine maksimumssatsar.

SAKNR. 052/16
KOMMUNALE AVGIFTER OG GEBYR 2017 - BYGGE- OG DELINGSSAKER, PLANSAKER, SAKER ETTER MATRIKKELLOVA

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Gebyrregulativet for bygge- og delingssaker, plansaker og saker etter matrikkellova for 2017 vert godkjent slik det ligg føre .

20.10.2016 FORMANNSKAPET

Handsaming i møtet: Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke med følgjande tillegg vert innarbeid i reglementet;

Gebyr for handsaming av saker for tiltak i sjø:

- kr. 4.200 for større tiltak
- kr. 2.500 for mindre tiltak

FORM-052/16 VEDTAK:

Gebyrregulativet for bygge- og delingssaker, plansaker og saker etter matrikkellova for 2017 vert godkjend slik det ligg føre.

SAKNR. 053/16
HUSLEIGE KOMMUNALE BYGG 2017

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Husleigene i kommunale bygg vert regulert i samsvar med tabelloppsettet under:

| Stad | Adresse | | Husleige 2016 | Husleige 2017* | %-auke |
|--------------|--------------|----------------|------------------|-------------------|--------|
| Skottabakken | Reistadliane | 7, 9, 15 og 17 | 5 820 | 5 995 | 3,01 % |

| | | | | | |
|--|--------------|----------|-------|-------|--------|
| Skottabakken | Reistadliane | 11 | 6 130 | 6 315 | 3,02 % |
| Skottabakken | Reistadliane | 15b | 4 180 | 4 310 | 3,11 % |
| Skottabakken | Reistadliane | 13 | 4 965 | 5 115 | 3,02 % |
| Hamnahaugen | Tyssevegen | 88-90 | 5 430 | 5 595 | 3,04 % |
| Hamnahaugen | Tyssevegen | 92-94 | 5 875 | 6 055 | 3,06 % |
| Hamnahaugen | Tyssevegen | 96-104 | 6 130 | 6 315 | 3,02 % |
| Skjervo | Ytre-Haga | 2-12 | 4 460 | 4 685 | 5,04 % |
| Hus på Lønnebakken | Lønnebakken | 31 | 8 915 | 9 185 | 3,03 % |
| Helsetunet, fysioterapaut | | | 8 170 | 8 420 | 3,06 % |
| Næringsbygg Bjørkheim | Blomster | inkl.mva | 6 600 | 6 800 | 3,03 % |
| Næringsbygg Bjørkheim | Mat, mm | inkl.mva | 6 480 | 6 800 | 4,94 % |
| Utleige til næring, Samnangerheimen | Fotpleie mm | inkl.mva | 3 000 | 3 090 | 3,00 % |

*I nokre av dei nye leigeavtalene som er inngått står det at leiga kan regulerast kvart år etter konsumprisindeksen.

20.10.2016 FORMANNSKAPET

Handsaming i møtet: Knut Harald Frøland (Bl) bad om å få verte vurdert som ugild grunna slektskap til leigetakar. Frøland gjekk ifrå og Øyvind Røen (Sp) overtok som leiar av utvalet. Formannskapet vedtok samrøystes at Frøland var ugild.

FORM-053/16 VEDTAK:

Husleigene i kommunale bygg vert regulert i samsvar med tabelloppsettet under:

| Stad | Adresse | | Husleige 2016 | Husleige 2017* | %-auke |
|--|--------------|----------------|------------------|-------------------|--------|
| Skottabakken | Reistadliane | 7, 9, 15 og 17 | 5 820 | 5 995 | 3,01 % |
| Skottabakken | Reistadliane | 11 | 6 130 | 6 315 | 3,02 % |
| Skottabakken | Reistadliane | 15b | 4 180 | 4 310 | 3,11 % |
| Skottabakken | Reistadliane | 13 | 4 965 | 5 115 | 3,02 % |
| Hamnahaugen | Tyssevegen | 88-90 | 5 430 | 5 595 | 3,04 % |
| Hamnahaugen | Tyssevegen | 92-94 | 5 875 | 6 055 | 3,06 % |
| Hamnahaugen | Tyssevegen | 96-104 | 6 130 | 6 315 | 3,02 % |
| Skjervo | Ytre-Haga | 2-12 | 4 460 | 4 685 | 5,04 % |
| Hus på Lønnebakken | Lønnebakken | 31 | 8 915 | 9 185 | 3,03 % |
| Helsetunet, fysioterapaut | | | 8 170 | 8 420 | 3,06 % |
| Næringsbygg Bjørkheim | Blomster | inkl.mva | 6 600 | 6 800 | 3,03 % |
| Næringsbygg Bjørkheim | Mat, mm | inkl.mva | 6 480 | 6 800 | 4,94 % |
| Utleige til næring, Samnangerheimen | Fotpleie mm | inkl.mva | 3 000 | 3 090 | 3,00 % |

*I nokre av dei nye leigeavtalene som er inngått står det at leiga kan regulerast kvart år etter konsumprisindeksen.

SAKNR. 054/16

KOMMUNALT TILSKOT TIL PRIVATE BARNEHAGAR 2017

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Vedtaket er gjort med heimel i ” Forskrift om tildeling av tilskudd til private barnehager ”. Tilskotet vert berekna med utgangspunkt i kommunen sine driftsutgifter til ordinær barnehagedrift i 2015 og med utgangspunkt i tal born i dei kommunale barnehagane i 2015. Grunnlaget for utrekning av tilskotssatsar er indeksjustert med kommunal deflator for 2016 og 2017. Detaljar for berekning av tilskotssatsar ligg i vedlagt rekneark.

Tilskotssatsen for 2017 for born under 3 år er kr 200 688 pr heiltidsplass og for born over 3 år kr 96 960 pr heiltidsplass.

Den statlege satsen til kapitaltilskot vert kunngjort så snart den er vedtatt av departementet.

Den private barnehagen vil bli varsla om vedtekne satsar for 2017. Vedtaket følgjer reglane om einskildvedtak etter forvaltningslova § 2 første ledd, bokstav b. Klagefrist er 3 veker etter mottak av vedtak.

20.10.2016 FORMANNSKAPET

Handsaming i møtet: Rådmannen sitt framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

FORM-054/16 VEDTAK:

Vedtaket er gjort med heimel i ” Forskrift om tildeling av tilskudd til private barnehager ”. Tilskotet vert berekna med utgangspunkt i kommunen sine driftsutgifter til ordinær barnehagedrift i 2015 og med utgangspunkt i tal born i dei kommunale barnehagane i 2015. Grunnlaget for utrekning av tilskotssatsar er indeksjustert med kommunal deflator for 2016 og 2017. Detaljar for berekning av tilskotssatsar ligg i vedlagt rekneark.

Tilskotssatsen for 2017 for born under 3 år er kr 200 688 pr heiltidsplass og for born over 3 år kr 96 960 pr heiltidsplass.

Den statlege satsen til kapitaltilskot vert kunngjort så snart den er vedtatt av departementet.

Den private barnehagen vil bli varsla om vedtekne satsar for 2017. Vedtaket følgjer reglane om einskildvedtak etter forvaltningslova § 2 første ledd, bokstav b. Klagefrist er 3 veker etter mottak av vedtak.

SAKNR. 055/16

HØYRING RINGVEG AUST /E39 NORD I ÅSANE. UTTALE FRÅ SAMNANGER KOMMUNE

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

- Samnanger kommune er positiv til dei alternativa som gir gode ringverknader for regionen. Den største effekten får me ved dei austre alternativa utan trafikantbetaling.

- Samnanger kommune ser at det kan vera naudsynt å innføra trafikkreduserande tiltak i sentrumsområdet for å leia gjennomgangstrafikken utanom dei mest miljøbelasta områda.
- Bergensregionen har eit felles bustad og arbeidsmarknad. Samnanger kommune ynskjer velkommen tiltak som knyt regionen betre saman.
- Samnanger kommune ser at dei austre alternativa med høg fartsgrense vil kunne bidra til ein eventuell framtidig realisering av Hordalandsdiagonalen som vil vera eit viktig samferdselsprosjekt både for regionen og Samnanger.
- Samnanger kommune legg til grunn at dette prosjektet har stor innverknad på utviklinga av regionen og av framtidige samferdselsprosjekt i regionen. Planlegginga bør derfor gjennomførast som ein statleg kommunedelplan etter § 6 – 4 i pbl.

20.10.2016 FORMANNSKAPET

Handsaming i møtet: Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

FORM-055/16 VEDTAK:

- Samnanger kommune er positiv til dei alternativa som gir gode ringverknader for regionen. Den største effekten får me ved dei austre alternativa utan trafikantbetaling.
- Samnanger kommune ser at det kan vera naudsynt å innføra trafikkreduserande tiltak i sentrumsområdet for å leia gjennomgangstrafikken utanom dei mest miljøbelasta områda.
- Bergensregionen har eit felles bustad og arbeidsmarknad. Samnanger kommune ynskjer velkommen tiltak som knyt regionen betre saman.
- Samnanger kommune ser at dei austre alternativa med høg fartsgrense vil kunne bidra til ein eventuell framtidig realisering av Hordalandsdiagonalen som vil vera eit viktig samferdselsprosjekt både for regionen og Samnanger.
- Samnanger kommune legg til grunn at dette prosjektet har stor innverknad på utviklinga av regionen og av framtidige samferdselsprosjekt i regionen. Planlegginga bør derfor gjennomførast som ein statleg kommunedelplan etter § 6 – 4 i pbl.

SAKNR. 056/16

KVU RV. 7 OG RV. 52 MELLOM GOL OG VOSS. UTTALE FRÅ SAMNANGER KOMMUNE

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Samnanger kommune meiner at planarbeidet har vesentlege manglar sidan det ikkje omfattar ei trafikal vurdering av alternative tilførselsveggar og konsekvensane for det omkringliggjande influensområdet.

Etter vårt skjønn vil trafikklekkasjen mot E134 verta langt større om Hordalandsdiagonalen vert realisert. Samnanger kommune stiller seg difor undrande til kvifor ikkje Hordalandsdiagonalen er tatt med i transportmodelleringane.

For å ta stilling til kva for alternativ som vil vera best for regionen bør alle aktuelle linjeføringar aust - vest vera tilnærma likt konsekvensutgreia. Dette er ikkje tilfelle når ein utelet eit av regionen sine viktigaste samferdselsprosjekt.

20.10.2016 FORMANNSKAPET

Handsaming i møtet: Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

FORM-056/16 VEDTAK:

Samnanger kommune meiner at planarbeidet har vesentlege manglar sidan det ikkje omfattar ei trafikal vurdering av alternative tilførselsveggar og konsekvensane for det omkringliggjande influensområdet.

Etter vårt skjønn vil trafikklekkasjen mot E134 verta langt større om Hordalandsdiagonalen vert realisert. Samnanger kommune stiller seg difor undrande til kvifor ikkje Hordalandsdiagonalen er tatt med i transportmodelleringane.

For å ta stilling til kva for alternativ som vil vera best for regionen bør alle aktuelle linjeføringar aust - vest vera tilnærma likt konsekvensutgreia. Dette er ikkje tilfelle når ein utelet eit av regionen sine viktigaste samferdselsprosjekt.

SAKNR. 057/16

VIDAREFØRING AV TENESTENE I BUSINESS REGION BERGEN - INTENSJONSAVTALE MED HORDALAND FYLKESKOMMUNE

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Samnanger kommune godkjenner avtalen med Hordaland fylkeskommune om vidareføring av nokre av tenestene frå Business Region Bergen a.s.

20.10.2016 FORMANNSKAPET

Handsaming i møtet: Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

FORM-057/16 VEDTAK:

Samnanger kommune godkjenner avtalen med Hordaland fylkeskommune om vidareføring av nokre av tenestene frå Business Region Bergen a.s.

SAKNR. 058/16

TILSKOT FRÅ NÆRINGSFONDET TIL OPPSTART AV FRISØRVERKSEMD

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Hilde Therese Fure får eit tilskot på inntil kr 13.000 til etablering av frisørsalongen «So What» på Tysse. Summen vert finansiert ved bruk av næringsfondet.

Utbetaling av tilskotet kan skje med halvparten av summen ved oppstart. Den resterande summen vert utbetalt når det vert framlagt dokumentasjon for utgiftene.

20.10.2016 FORMANNSKAPET

Handsaming i møtet: Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

FORM-058/16 VEDTAK:

Hilde Therese Fure får eit tilskot på inntil kr 13.000 til etablering av frisørsalongen «So What» på Tysse. Summen vert finansiert ved bruk av næringsfondet.

Utbetaling av tilskotet kan skje med halvparten av summen ved oppstart. Den resterande summen vert utbetalt når det vert framlagt dokumentasjon for utgiftene.

SAKNR. 059/16

BYGGESAK GBNR 1/1, SØKNAD OM FRITAK FOR GEBYR FOR BRUKSENDRING

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Med heimel i plan- og bygningslova §33-1, vert det ikkje gjeve fritak for gebyr for bruksendring på GBNR 1/1.

Vedtaket kan påklagast til kommunen, jf. Lov om offentlig forvaltning.

Klagefristen er 3 veker rekna frå den dagen De mottok vedtaket. Det er nok at klaga er postlagt innan fristen går ut.

Klagen skal sendast skriftleg til etaten som har gjort vedtak. I klagen skal det gå fram kva som vert påklaga (vedtaket) og kva som er endringar De som part ynskjer. Klaga skal grunngjevast.

20.10.2016 FORMANNSKAPET

Handsaming i møtet: Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

FORM-059/16 VEDTAK:

Med heimel i plan- og bygningslova §33-1, vert det ikkje gjeve fritak for gebyr for bruksendring på GBNR 1/1.

Vedtaket kan påklagast til kommunen, jf. Lov om offentlig forvaltning.

Klagefristen er 3 veker rekna frå den dagen De mottok vedtaket. Det er nok at klaga er postlagt innan fristen går ut.

Klagen skal sendast skriftleg til etaten som har gjort vedtak. I klagen skal det gå fram kva som vert påklaga (vedtaket) og kva som er endringar De som part ynskjer. Klaga skal grunngjevast.

